



Innsats i BTI – støttesamtaler i helsestasjon/skulehelsetenesta

NAMN PÅ TILTAKET: Støttesamtaler for barn og unge	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 0 år til ut ungdomsskolen	Gjeld; Foreldra til barn 0-5 år og barn og foreldre i skulehelsetenesta
Omfang Individuelt, etter behov	Kontaktperson i tenesta: Grethe Natås, leiande helsesøster Telefon: 53748120 Eller ring den helsesøstera som har aktuell skule som barnet/ungdommen går på
Omtale av tiltaket: <ul style="list-style-type: none">• Helsesøster har open dør teneste på alle skulane, det betyr at elevane kan ta kontakt med oss ved behov eller foreldre kan be oss ha oppfølging av barnet/ungdommen. Me har faste kontortider på alle skulane, og er mykje nytta av elevane.• Psykiatrisk sjukepleiar har oppfølging av elevar etter avtale med foreldre og har fast kontortid på Sveio ungdomsskule.• Både helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar deltar på foreldremøte. Me er fast inne på første møte for 1. klasse foreldra og ved overgangen til ungdomsskolen, 8. klasse. Elles deltar me etter behov. Me informerer om tenesta vår og kan ha ulike tema som me snakkar om.• I arbeidet på skulane og i barnehagar så nyttar me Psykologisk førstehjelp, eit «selvhjelpsvertøy» for mestring av eigne følelsar. Verktøyet kan hjelpe barn/unge med å takla vanskelege tankar, følelsar og situasjonar. Målet med tiltaket er å hjelpe barn å identifisera, sortera og setje ord på tankar og følelsar. Slik at me m.a. kan førebygge psykiske lidningar. Psykologisk førstehjelp byggjer på hovudprinsippa i kognitiv terapi. Metoden vert også nytta i individuelle konsultasjonar/ mindre grupper skuleelevar.• Me har årleg undervisning for alle elevane i 5. og 8. klasse om Psykologisk førstehjelp.• I samtalane på open dør tenesta på skulane så nyttar med ofte « Hei spelet». Det er eit kortspel som hjelper oss å snakke om følelsar, tankar og situasjonar.	